



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato  
01.03.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/11720 632.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Tildeling av statleg tilskott 2018 opplæring innanfor kriminalomsorga

**Kr. 15 859 261,-** blir overført til **Hordaland** fylkeskommune kontonr. **5201 06 74239** merka "Opplæring innanfor kriminalomsorga".

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til disponeringsforslag for 2018. I 2018 vil 80% av løyvd tilskott for 2018 og 20 % av løyvd tilskott for 2017 bli utbetalt.

Fylkesmannen i Hordaland tilviser med dette til utbetaling til Hordaland fylkeskommune i 2018: 7/12 av 80 % av godkjend ramme for 2018 – kr. 15 859 261,- nå i februar og 5/12 av 80% godkjend ramme kr. 11 328 044,- i august. Den samla ramma på tilskottet til opplæring innanfor kriminalomsorga blir i alt på kr. 33 984 131,- for 2018. Utbetaling av 20% av ramme for 2018 blir gjort opp i samanheng med gjennomgang av reviderte rekneskap vår/sommar 2019.

I samsvar med avtale mellom staten og kvar enkelt fylkeskommune av 23. juni 1988, og i samsvar med *Retningslinjer for forvaltning av tilskudd til opplæring innanfor kriminalomsorgen under statsbudsjettet kap. 225 post 68* og i samarbeid med kriminalomsorga, skal tilskottet nyttast av fylkeskommunen til opplæring innanfor kriminalomsorga.

Fylkesmannen i Hordaland viser også til førebels tildelingsbrev dagsett 01.12.2017. Frå og med 2016 er ND i fast drift. Tilskottet til ND er ein del av tilskottordninga for «opplæring innanfor kriminalomsorga». Hordaland fylkeskommune får kr. 1 000 000,- av tilskottet til ND i Bergen. Hordaland fylkeskommune har om lag kr. 2 200 000,- også i 2018 til opplæringa ved den nye ungdomseininga.

Stortinget har vedteke budsjettet for 2018 og tilskottet til opplæringa innanfor kriminalomsorga for 2018 er ikkje endra i høve til førebels tildelingsbrev. Tilskottet er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet kap. 225 post 68 i budsjetterminen.

Tildelinga blir gitt som ei rammeløyving som Hordaland fylkeskommune må halde seg innanfor. Opplæringstilboda må planleggast innanfor dei gitte rammene. Fylkesmannen i Hordaland gjer særleg merksam på at dersom verksemda overstig den tildelte ressursramma for driftsåret 2018, må fylkeskommunen sjølv bere denne meirutgifta.

Hordaland fylkeskommune v/utdanningsetaten må gjera tilskottsbrevet kjent for skolen/ane som har ansvar for opplæring i fengsla/oppfølgingsklasser/ND/TAFU. Dei prinsippa som er lagt til grunn for fordelinga er tydelege i førebels tildelingsbrev dagsett 01.12.2016.

Utgangspunktet er eit generelt påslag på 1,1 % på tilskottet for 2017. Vi viser elles til informasjon på vår heimeside: <http://www.oppikrim.no>

Det er kriminalomsorga sitt ansvar å syte for eigna undervisningslokale med fast inventar. Skal vi få god utnytting av ressursane, er vi avhengige av at kriminalomsorga legg til rette for undervisningslokale som er godt tilpassa dei ulike opplæringssituasjonane.

Endeleg oppgjer for 2018 vil bli gjort når revidert rekneskap for verksemda ligg føre, jf. punkt 1.3. i avtalen. Rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for den tildelte summen, må oppbevarast slik at dei lett kan skaffast fram og etterprøvast.

Fylkesmannen i Hordaland gjer og merksam på at §10 i bevilgningsreglementet gir Departementet, Fylkesmannen og Riksrevisjonen høve til å føra kontroll med at tilskottet blir nytta i samsvar med føresetnadene. Heile tilskottet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje blir nytta i samsvar med tildeling og regelverk jf. bevilgningsreglementet § 10 andre ledd og lov om Riksrevisjonen §12 tredje ledd. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette bli retta opp ved eit seinare høve.

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Paal Christopher Breivik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*